

KONTAKT

KYRKJEBLADET FOR MELAND · NR. 04/17 · 27. ÅRGANG



3

Gud i
snikkarverkstaden

4

5 på norskkurs

6-7

Syrisk jul

13

Glimt frå
husgruppene



DEN NORSKE KYRKJA

Meland kyrkjelyd

Kontakt er kyrkjebladet for Meland kyrkjelyd og kjem ut 4 gonger i året.

Bankgiro: 3632.07.04019 eller

Vipps: Meland kyrkje eller 59301

Ansvarleg redaktør: Geir Øy

Redaksjon: Steinar Dale Wessman,

Maria Sæle, Stine Karin Sæle

Grafisk design: Opplett

Trykk: Bodoni AS

Framsida: Norskurs på Møteplassen.

Foto: Arve Kjell Uthaug

Innleveringsfrist til neste utgåve av

Kontakt er 1.2.18

www.melandkyrkja.no

Adresse: Postboks 117, 5906 Frekhaug

Telefon: 56171480

Epost: post@melandkyrkja.no

Besøksadresse kontor og Møteplassen:

Havnevegen 31, (2. etasje over apoteket)

Frekhaug

Treffetid: Mandag, onsdag, fredag

12.00-15.00

Rådhusresepsjonen kan også formidle

kontakt: 56171000

Kontakttelefon ved krise: 95483874

Tankestrek

Eit lite juleunder - men stort var det!

Helge Hitland, vikarprest i Meland

Det var julafta. Eg kom inn på cella til ein ung gut. Han var innvandrar frå Armenia. Han låg samankrøkt i senga si full av angst og skalv i heile kroppen. Eg sette meg ned på sengekanten og tok han i handa og sat der med han ei stund utan å seie noko.

Eg hadde med meg eit nytestamente på engelsk, så eg spurde om eg skulle lese juleevangeliet til han. Han nikka, for han kunne litt engelsk. Eg las sakte frå evangeliet. Han sa ikkje noko der han låg med ansiktet ned i puten.

Etter ei stund snudde han seg til meg, smilte og sa takk. Han skalv ikkje lenger, og litt etter litt slapp angsten taket i han.

Eg opplevde dette som ei sterk bekrefting av orda frå Bibelen om at "Guds fred som går over all forstand skal bevare våre hjarto og tankar i Kristus Jesus". Fil. 4,7. Det vart ikkje sagt noko meir før han ba meg lyse velsigninga. Eg gjorde det medan eg la handa på hovudet hans, teikna krossmerket på panna hans og gjekk.

Dagen etter spurde ein av sjukepleiarane kva eg hadde gjort der inne på cella, for no var guten heilt roleg. Eg sa som det var at eg berre hadde lest juleevangeliet til han.

Seinare var eg innoft cella hans mange gonger, men vi snakka ikkje om dette. Knapt eit år etter var nokre av "Moder Theresa-søstrene" på besøk i fengselet. Vi sat til bords med ei ung nonne frå Sri Lanka, og denne ungdomen ville presentere meg for henne. "Dette er han som kom med Guds fred til meg i fjor på julafta". Så fortalte han henne korleis han hadde opplevd det som skjedde og utbraut spørjande: "Var ikkje dette eit mirakel"? Nonna smilte bekräftande tilbake.

Eg trur aldri eg kjem til å gløyme denne opplevinga. Det er den sterkaste julepreika eg har opplevd. Den fortel meg at vi ikkje er gløymde av Gud. Slik Jesus kom den fyrste gongen, slik kan Han kome til oss i dag med nåde og fred. I sjela si djupe einsemd, i sorg og smerte, i vonløyse og angst, kan Jesus kome med lys og håp. Og gi oss den freden som går over all forstand.



Helge Hitland

Vikarprest - 905 75 780
helge.hitland@bkkfiber.no



Anne Sofie Nergård Uthaug

Kyrkjeverje - 56171485
anne.uthaug@melandkyrkja.no



Torbjørn Aamli

Sokneprest - 56171484
torbjorn.aamli@melandkyrkja.no



Trond Fykse

Kyrkjelydsmusikar - 56171483
trond.fykse@melandkyrkja.no



Stine Karin Sæle

Husgruppekoordinator og vikar for diakon
47640809 - stine.saele@melandkyrkja.no



Linda Gripsgård Lunga

Konsulent - 56171480
linda.lunga@melandkyrkja.no



Anne Marit Fosse Dahle

Kyrkjelydspeagog - 56171482
anne.dahle@melandkyrkja.no



Regine Sagstad Berg

Soknerådsleiar - 99324460
reginesagstad@gmail.com



Ruben Sæle

Diakon med ungdomsfokus
(Permisjon hausten 2017)

Eva Kristin Dale Wessman

Barnearbeidar (permisjon)

Junji Furukawa

Kyrkjetenar - 46797567
junjif@sky.plala.or.jp



Følg oss på Facebook: @melandkyrkja



Andakt ved Halvor Nordhaug

Biskop i Bjørgvin

Gud i snikkarverkstaden

Jula sin løyndom - for ikkje å seie jula sitt mysterium - er at Gud går inn i menneskekroppen. Det er dette vi kallar «inkarnasjonen» som betyr «å gå inn i kjøtet». Det er kanskje ikkje ei vakker formulering, men den er treffande. Når Gud lèt sonen sin bli menneske, skjer det ikkje i det høge og fjerne, men på golvet i ein snikkarverkstad i småbyen Nasaret. Dette biletet, som er malt av den engelske kunstnaren John Everett Millais i 1850 og heng i Tate Gallery i London, viser ein svært realistisk og nær scene frå denne verkstaden. Men her er det gøymt mange løyndomar.

På overflata ser vi at biletet framstiller Josef, Maria og Jesus - i tillegg til to arbeidsfolk og ein gut med eit vaskefat. Josef sine armar er sterke og med tydelege blodårer. Golvet er dekt av spon. Maria trøystar Jesus som har fått eit sår i handa frå ein av naglane som ligg på bordet. Utanfor vindauget ser vi ein saueflokk som kikkar inn.

Då biletet blei utstilt fyrste gongen, vekte det sterke reaksjonar. Avisa The Times kalla det «opprørande» at kunstnaren framstilte Den heilage familien som vanlege og enkle folk, og detaljert framstilte dei støvete og skitne omgivnadene. Forfattaren Charles Dickens kritiserte at Jesus var malt som ein sutrete, raudhåra gut i pyjamas. Sjølvsaugt viste både The Times og Charles Dickens at kyrkja trudde på Jesus som både sann Gud og sant menneske, men her blei det menneskelege likevel litt for menneskeleg.

Det var likevel ingen andre måtar å bli menneske på for Gud enn å gå heile vegen inn i det konkrete. Guds son landa midt

i verda vår med alt det som følgjer med livet i kjøtet: blod, arbeid, støv, sveitte og husdyr. Jesus viser oss at ingenting menneskeleg, sjølv ikkje det aller lågaste og vanlege, er skjult eller framand for Gud. Det gjeld framleis. Guds son har delt livets vilkår og veit kven vi er. Vi treng difor ikkje bruke mange ord når vi ber, men kan nemne augneblinken vår for Jesus i tillit til at han veit kva den rommar.

Eg veit ikkje om dei som kritiserte biletet den gongen tok inn all symbolikken som er skjult i detaljane. Her kjem nemleg ein større, guddommeleg dimensjon til syne i det kvardagslege: Jesus har blod på handa, han er såra av ein av naglane på bordet, slik han seinare skal bli det på krossen. Langs veggen står ein stige, og på den sit ei due. Dua er symbolet på Den Heilage Ande som viste seg over Jesus då han blei døypt og Faderen si røyst lydte frå himmelen: «Dette er Son min, han som eg elsker, i han har eg mi glede.»

På veggen heng ein trekant. Den er ikkje berre eit verktøy, men også eit symbol for Treeininga: Faderen - Sonen - Den Heilage Ande. Guten som kjem inn med vaskefatet er Døyparen Johannes, ein slektning av Jesus. Og utanfor ventar sauene, eit symbol for oss, folket som treng Den gode hyrdingen.

Dette biletet fortel oss at Gud i Jesus er komen inn i den særdeles jordiske røynda vår, så nær som det er mogeleg. Det er det beste som har hendt verda vår. Det kan vi takke for denne jula. Eg ønskjer dykk alle ein god og velsigna julefest!

Christ in the House of His Parents
(‘The Carpenter’s Shop’) 1849-50;
Sir John Everett Millais, Bt 1829-
1896; Tate, Purchased with assistance
from the Art Fund and various
subscribers 1921;
Photo: © Tate, London. 2017



5 på norskkurs

Tekst: Anne Sofie N. Uthaug
Foto: Arve Kjell Uthaug

Vi har stilt disse spørsmålene til 5 deltagere på norskkurset på Møteplassen. Norskkurset er et gratis tilbud på onsdagskveldene kl. 18.00, med åpen internasjonal kafe fra kl. 19.30. Norskkurset og kaféen er drevet bare av frivillige medarbeidere. Det er ingen påmelding.

Hvorfor deltar du på norskkurset?
Hva liker du med å være her på Møteplassen?



Marta Dragan

27 år fra Lviv (Leopoli) i Ukraina

Hvorfor: Jeg vil snakke norsk, og jeg trenger det for studiene. Jeg vil studere økonomi på høyskole eller universitet og da må jeg ta Bergenstesten (= kvalifikasjonstest i norsk - høyere nivå).

Liker: Jeg liker alt her, kanskje bedre enn andre kurs. Lærer litt, får praktisere norsk, og det er mye bra folk her.



Agnieszka Anna (Agnes) Suchorska

40 år fra Poznan i Polen

Hvorfor: Vil veldig gjerne jobbe i barnehage, det er min drømmejobb. Jeg er utdannet ergoterapeut, men må snakke bedre norsk.

Liker: Jeg liker Aud! (Aud Solberg Flatøy). Hun er en veldig god lærer og hjelper meg veldig mye. Jeg kan snakke med henne også om andre ting enn det som står i boka.



Wesal Al Hasaki

45 år fra Damaskus i Syria

Hvorfor: Fordi jeg trenger mer norsk. Jeg vil gjerne snakke mer med nordmenn og integreres med nordmenn. Og jeg vil lære nok norsk til å få jobb.

Liker: Jeg liker godt alle de godhjerta damene, og jeg liker å få snakke, og å få høre de forskjellige dialektene. Jeg tror flyktingene må være med nordmenn.



Fadi Asmine

40 år fra Aleppo i Syria

Hvorfor: Fordi jeg kan lære norsk her og får mye hjelp. Det er viktig å ha kontakt med nordmenn.

Liker: Jeg trives her, derfor kommer jeg hver gang. Alle er hyggelige og hjelper. Og det er kjekt å ha kontakt med andre.



Abir Twenee

44 år fra Homs i Syria

Hvorfor: Jeg vil lære mye språk og få hjelp med leksene. Liker: Jeg liker å sitte sammen med damene her, snakke sammen og få hjelp.

REMA 1000

FREKHAUG SENTER
tlf.: 56 17 60 00



Telefon: 56 17 07 10 Telefaks: 56 17 07 11
Besøksadresse og Postadresse:
Melandsvegen 15, 5918 FREKHAUG

Mandag-Fredag 08.00-16.00 Lørdag: STENGT

For avtale etter kl. 16.00 alle hverdager,
ta kontakt på telefon: 56 17 07 10

Gravstein i alle utførelser fra enkle og grove til helpolerte.
Tilbehør til gravstedet
Tilførsler av navn
Oppussing vask, stell
Rehabilitering reparasjon
www.eikner.no

STEINRIKET
EIKNER NATURSTEIN

Lokal representant
Rune Hjermann
Kyrkjesundsvegen 81, Holsnøy
Mob 911 631 20

Hageland

Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS
Lyngvegen 1, 5914 Isdalstø
tlf. +47 56 35 17 65
mobil +47 926 08 647

MELAND ELEKTRO
AUTORISERT ELEKTROENTREPRENØR

Mjåtveitflaten 45, 5918 Frekhaug
post@melandelektro.no

Meland Auto AS

Autorisert bilverkstad
www.melandauto.no

M E C A



Vatne Begravelsesbyrå as
Kvassnesveien.11 - 5914 Isdalstø

Ordner alt ved gravferd og kremasjoner i distriktet og byen
Tlf. 56 35 09 10 - 56 35 16 61

SparebankenVest

REGION NORDHORDLAND

ALT I CATERING

NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE
www.catering.com • tlf. 56 17 43 23



Benkeslitaren

Tekst: Stine Karin Sæle
Foto: Anne Sofie Uthaug

Kva kyrkje tilhøyrer du?
Meland kyrkje.

Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?
Frå rundt 2009/10. Veggen min til å bli ein del av kyrkja var litt uvanleg. Eg er interessert i kyrkjes historie og las mellom anna “Da Vinci-koden” av Dan Brown. Boka gjorde meg grådig nysgjerrig, og eg fekk lyst til å gå til kyrkja for å høyra meir om det eg hadde lese. Det tok tid før eg i det heile tatt våga å gå, og endå lenger tid før eg våga å gå til nattverd. Det å gå i kyrkja gav meg energi sjølv om eg ikkje vart kristen med eit pang. Det var ein prosess der eg måtte prøva meg fram litt etter litt.

Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden?
At eg blei teken godt imot då eg begynte å gå her. Det var ingen som “pusha” meg til noko. Eg trengte tida eg fekk før eg vart kristen. Når det gjeld gudstenesta er det eg likar best at eg får ein time med ro til å reflektere over ulike ting.

Når kjem du til gudsteneste?
10-15 minutt før gudstenesta startar. Eg er alltid tidleg ute.

Kvar i kyrkja sit du?
Eg likar å sitja på ein fast plass. Tredje benk bakfrå på høgre sida ved midtgangen.

Kan du skildre kyrkja med tre ord?
Fin og oversiktleg, veldig fint alter og bra med bruk av elektroniske hjelpemiddel.

Kva salme syng du gjerne for tida?
For tida likar eg Elvis sin “Help me” og Kris Kristoffersen sin “Why me”. Dei er fantastisk fine, sjølv om dei ikkje er salmar vi syng i kyrkja.

Kva skulle du ønskja kyrkja gjorde meir av?
Eg ønskjer at kyrkja hadde eit tilbod om skriftemål. Katolikkane skriftar, og eg trur det hadde vore godt og nyttig for mange i kyrkja vår også. I samfunnet i dag må ein stå på lange ventelister til psykolog der ein før gjekk til presten for å lesa av seg. Det med skriftemål ser eg som ei mangelvare i dag.

Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?
At mange blir igjen for å prate. Det er eit teikn på at folk kjenner at dei høyrer til i kyrkjelyden.

FAKTA

Sigmund Larsen
Alder: 58
Bustad: **Frekhaug**
Sivilstatus: **Gift, tre born**
Yrke: **Gründer**



Jacklin og Rebal Layout ser på bilder fra julen i Syria

Syrisk jul

Tekst: Steinar Dale Wessman
Foto: Anne Sofie Uthaug

Av sikkerhetshensyn har noen av personene i intervjuet valgt å være anonyme.

DA KULEREGNET FYLTE STUEN, INNSÅ FAMILIEN LAYOUTS AT DE IKKE KUNNE VÆRE I SYRIA LENGRE. DE FLYKTET, OG TO ÅR SENERE ENDTE DE OPP PÅ FREKHAUG.

MYE HJERTEROM

Regnet pisker på ruten, men inne er det varmt. Peisen brenner godt og stemningen er god. To familier som har reist fra sitt hjemland på grunn av krig er samlet og praten går lett på en herlig blanding av arabisk og norsk. Mye god syrisk mat og varm drikke blir satt på bordet. Bilder fra Syria ruller over TV-skjermen. Ikke de vi er vant med fra nyhetene, men flotte bilder med glede og fest. Bildene er fra julefeiringen for de kristne. Vertskapet vil vise frem et folk som ikke er knekt. På tross av omstendighetene velger de kristne familiene i Syria å finne fram store mengder juledekorasjoner for å vise at Jesu fødsel er verdt å feire.

Begge familiene er fra hovedstaden i Syria, Damaskus. Det var i denne byen Saulus, eller Paulus som han senere kom til å hete, hadde sin store omvendelse. Han møtte Jesus i

Damaskus og gikk fra å forfølge kristne til å forkynne om Kristus (Hele historien kan du lese om i kapittel 9 i Apostlenes gjerninger i Bibelen). Paulus oppholdt seg flere år her, og returnerte også til Syria på sin første misjonsreise. Syria blir også nevnt i juleevangeliet, da som tilholdssted for landshøvdingen Kvirinius. Fra Betlehem til dagens Syria er det omtrent 20 mil i luftlinje.

JULEFEIRING I SYRIA

– Hvordan feirer dere jul i Syria?
– Julen er en av de viktigste høytidene våre, og vi feirer den 25. desember hvert år. Vi som er kristne tror på Jesus Kristus og minnes hans fødsel i juletiden. Fra 1. desember pynter vi gatene som ligger rundt kirkene og boligene våre. Vi setter store juletre på torgene i de kristne områdene og pynter dem med lys og juledekorasjoner. Folk har også juletre hjemme. Vi lager forskjellige typer kaker og desserter, i tillegg til masse mat til juledagen.

Juledagsmorgen går hele familien til kirken for å be og få nattverd. Etter gudstjenesten går alle kristne på besøk til slektninger, venner og naboer for å gratulere hverandre. En av tradisjonene våre er å servere et glass vin til gjestene, si skål og ønske hverandre god jul. Etterpå sitter vi rundt bordet hjemme, spiser mat og koser oss sammen. Om kvelden går enkelte på julefest og har det hyggelig med sang og dans. Slik feirer vi jul i Syria, og det er en fantastisk tid på året.

KIRKEN OG HUSGRUPPENE SIN BETYDNING

De to familiene som er samlet har bakgrunn fra ulike kirkesamfunn i Syria, men er tydelige på at det ikke er så viktig. De er mest opptatt av at de er kristne og det å høre til i en kristen menighet. De har alle funnet sin plass i lokale

kristne forsamlinger her i Norge. To av dem har funnet sitt åndelige hjem i Meland kyrkje. De uttrykker at kirken har alltid vært viktig for dem, men at den har aldri vært så viktig som når de kom til Norge. De har også blitt med i en husgruppe tilknyttet Meland kyrkje. De er fulle av lovord om husgruppefellesskapet.

– Her får vi være sammen om Bibelen og diskutere hvilken betydning det Jesus lærte oss for lenge siden har for oss i dag. Ekstra spennende er det for oss som kommer fra området der Jesus levde å lese tekstene ut fra konteksten Jesus levde i. Husgruppen har også gitt oss et sosialt fellesskap, noe som har vært veldig godt for oss etter at vi kom hit til Frekhaug.

FREDSFYRSTEN OG FORFØLGELSE

I nyhetsbildet i Vesten er de kristnes situasjon stort sett fraværende, men de kristne er uglesett av mange og et lett bytte. Forfølgelsen er ikke langt unna. Hver jul hører vi om englene som møtte hyrdene på marken, og sang “Ære være Gud i det høyeste og fred på jorden blant mennesker Gud har glede i”. Jesus blir omtalt som Fredsfyrsten.

– Hva tenker dere som har flyktet fra krig om dette?
– Å følge Jesus kan også føre til forfølgelse. Jesus sa selv at han ikke er kommet for å bringe fred, men forfølgelse. Men han vil være med oss. Og han vil at vi skal forsøke å være et redskap for fred.

FREMTIDEN

På tross av solid utdanning og arbeidserfaring fra Syria er det vanskelig å finne jobb i Norge. De føler seg utrygge, og fremtiden er usikker. Likevel har de tro på at Jesus har planer for dem om en god og fredfull fremtid. Peisen brenner fortsatt godt. Det samme gjør engasjementet og håpet om fred, i Syria, og i resten av verden.



Juledekorasjoner hjemme i Damaskus.

Det grønne (jule)hjørnet

Tekst: Maria Sæle

Med inspirasjon frå organisasjonen “Framtiden i våre hender”.

Jula er ei høgtid med mykje av alt - mat, gåver, reising, og lomdeboka får ikkje fred eit sekund. Miljøet slepp heller ikkje unna, når stadig fleire ting skal delast ut til venner og familie. Kva kan ein gjere for å gjere jula meir miljøvenleg? Her kjem nokre tips som kan spare både miljøet og lomdeboka, og om ikkje det er nok, kan du få opplevingar du ikkje får kjøpt for pengar.

KLEDE

Gjennom åra har du sikkert samla ein del fine klede. Sjå gjennom klesskapet ditt - kanskje du eigentleg ikkje treng noko nytt i år? Viss du treng nye klede, kva med å ta turen til bruktbukkane i Knarvik? Eller kva med å arrangere ein bytekveld?

MAT

Me et vanlegvis mykje kjøtt i jula. Kva med å ha nokre kjøttfrie dagar gjennom høgtida? Det er lett for at ein handlar inn for mykje mat til julefeiringa, og mange opplever eit stort matsvinn fordi ein ikkje klarer å ete opp alt. Det er ikkje mange dagane at matbutikkane ikkje er opne. Det finst og mange måtar å lage god mat av julematrestene. Matoppskrifter finn ein med eit googlesøk.

GÅVER

Mykje av det som ligg under juletreet har me eigentleg ikkje bruk for. Gåver er kjekt, men kva med å gje vekk ting som folk set pris på? Det er ofte betre å lage noko sjølv enn å kjøpe nye ting. Nokon set gjerne pris på ei teneste i staden; kva med gåvekort på barnevakt, hundelufting eller hjelp til hagearbeid? Tenk på kva du ynskjer deg sjølv også - du kan påvirke andre til å gje deg meir miljøvenlege gåver.

GÅVEPAPIR

Skal du gje innpakka gåver, er det greitt å vite at vanleg gåvepapir ikkje kan gjenvinnast. Difor er det lurt å bruke gråpapir, og endå betre er det om ein kan gjenbruke avisopprull eller gåvepapir/band. Spar på fine øskjer eller liknande, og gje gåvene dine i desse!

Lukke til med å gjere jula miljøvenleg!





HØGARE UNDER TAKET: Inger Johanne Ektvedt, mangeårig aktiv i Musikkens Venner, er glad for at Knarvik-kyrkja har opna dørene for varierte musikk- og kulturuttrykk. Her i samspel med Rune Alver.

Det boblar av kultur i «sjudagars-kyrkja»

Tekst: Arthur Kleiveland

KNØTTEKOR-ØVING DEN EINE DAGEN – KONSERT MED VÅR EMINENTE PIANIST RUNE ALVER DEN NESTE. DET ER STORT MANGFALD I KNARVIK-KYRKJA, – FOLKEKYRKJA SOM OGSÅ ER BLITT KULTUR-KYRKJE. DEI MANGE AKTIVITETANE OG KONSERTANE HAR LANGT PÅ VEG OPPFYLT DRAUMEN OM EI «SJUDAGARS-KYRKJE».

– Veldig deilig å synga her. Eg opplever at akustikken er spesielt god for akustisk vokalmusikk og gir ei god oppleving for den som syng, seier Per Oddvar Hildre, den skjeggpryda mannen som er dirigent for det svært så anerkjende koret SKRUK.

ARENA FOR AMATØR OG PROFF

Babysong, knøttekor, barnegospel, ungdomskor og kor for vaksne, er mellom dei mange aktivitetane og tilboda i Knar-

vik-kyrkja, Mange konsertar blir lagt hit, med t.d. kjende namn som Rune Alver, Maria Arredondo, SKRUK og Sigvart Dagsland. Vår lokale europameister for brassband, Eikanger Bjørsvik Musikklag, har også lagt fleire konsertar her.

– Kyrkja gjev oss, og andre korps, eit reelt alternativ for å halda konsert i området. Lokalitetane er gode, og det er rikeleg med plass, seier Viggo Bjørge, nestor i EBML. Han legg til at kyrkja i korpssamanheng har sine begrensingar.

– Dersom ein tek godt nok omsyn til dette i programplanlegginga, vil det likevel vera ein god arena også for korpsmusikk, seier Bjørge. Han legg til at EBML er svært glad for å få nytta kyrkja i samband med Feriespelet om sommaren.

HØGARE UNDER TAKET

Inger Johanne Ektvedt, mangeårig aktiv i Musikkens Venner, er glad for at Knarvik-kyrkja har opna dørene for varierte musikk- og kulturuttrykk.

– Det er blitt høgare under taket i kyrkja. Eg opplever at kyrkja har blitt langt meir open og inkluderande enn før, ikkje minst i form av at ulike kulturuttrykk får utfalda seg her. Det trur eg gjer at stadig fleire får eit positivt forhold til kyrkja - og oppsøker kyrkja. Vi menneske er samansette vesen, og difor er det fint at det også kjem til uttrykk i kultur og kunst i kyrkja, seier Ektvedt.

Den tidlegare apotekeigaren har saman med mannen Roar gjeve ti flygel og to piano til regionen. Ho er svært glad for at eitt av flygla har fått sin «heim» i Knarvik-kyrkja. Inger Johanne spelte på konserten då kyrkja vart vigsla, og ho spelte saman med Rune Alver på den svært så anerkjende pianisten sin jubileumskonsert nyleg.

Rune Alver gir svært høg karakter for korleis Knarvik-kyrkja fungerer for klaver.

– Synest også mindre ensemble fungerer svært godt, og orgelet kling fantastisk. Det eg har høyrte av større instrumentale ensemble, brass, og stryk med kor, er litt meir problematisk reint akustisk. Her krevst ei heilt spesiell tilpassing til akustikken.

– FARGERIK REGNBØGE

– Det er gledeleg at det er god aktivitet i kyrkja, seier Odd Leif Mjøs, kantor i Alversund, Knarvik og Seim sokn. Mjøs tenkjer at formidling av kunst, musikk og andre uttrykk og kulturverksemd må vera tilpassa at dette er ei kyrkje.

– Brytninga mellom det heilage og det allmenne er både sunn og krevjande for ei ”heilag, allmenn kyrkje”, seier Mjøs. Han er opptatt av at aktivitetane i bygget går inn i ein fargerik regnbøge til Guds ære, og er klar på at utleige av kyrkjebygget til ulik kulturformidling ikkje inngår i den «målstyrte verksemda» til kyrkja.

Han ser med glede på musikkaktiviteten som skjer internt i kyrkja gjennom vekene. Til dømes deltar dei mange kora i kyrkjelyden i gudstenester, er med og produserer konsertar og medverkar i ulike samanhengar, seier Mjøs.

SONG OG MORO I KJELLAREN

Knøttekoret er eitt av fleire tilbod i den kyrkjelege aktiviteten i Knarvik-kyrkja. Dei har sin base i kyrkjekjellaren om onsdagane. Då kyrkjebladet sin utsende stakk innom, var knøtte- og barnegospelkoret i gang med å laga pynt til jul. Julestjerner vart hengt opp på kunstige tre i kyrkjekjellaren, og fargerike hjarte og kors med barna sine fingeravtrykk på skal dekorera veggane.

Rundt 30 barn i 2-5 årsalderen er med i Knøttekoret – som er blitt eit veldig populært tilbod til barn under skulealder. Barnegospelkoret (frå 1.-3. klasse) er eit tilbod til dei som er blitt for gamle til å vera med i Knøttekoret, men som har lyst til å vera med i kor.

– Begge kora har fått supre lokale og fasilitetar i kyrkjekjellaren, fortel Knøttekor-dirigent Merete Husebø.

SOSIALT FOR LITEN OG STOR

Annakvar veke står vaflar på menyen på kyrkjetorget etter øvinga.

– Det er kjempestas for både ungane og dei vaksne som er saman med barna. Flott at kyrkja kan vera ein sosial møteplass ikkje berre for ungane, men også for foreldre, seier Husebø.

Barnegospelkoret og Knøttekoret gler kyrkjelyden med frisk song på enkelte gudstenester. No er øvinga i gang fram mot ein stor konsert med Jarle Valdemar og mange barnekora i regionen i Knarvik-kyrkja i mars. – Det gler vi oss veldig til, seier leiaren i Knøttekoret.



DEILIG Å SYNGA HER: Det landskjende koret SKRUK har hatt to konsertar i Knarvik kyrkje. – Deilig å synga her, seier Per Oddvar Hildre.



SONG: Barnekorsamling med Bjarte Leithaug



SUPRE LOKALE: - Knøttekoret og barnegospelkoret har fått supre lokale i kyrkjekjellaren, seier Merete Husebø, leiar i Knøttekoret.



TV 2-pastoren på besøk

I februar måned vil eit kjent ansikt dukke opp i Knarvik kyrkje! Då kjem Norges kanskje mest kjende pastor, Egil Svartdahl, til nye-kyrkja. Helga 16. til 18. februar er han talar på møte, seminar og gudstenesta som fleire kyrkjelydar og forsamlingar i Leiarforum Nordhordland står saman om.

– Det vert folkemøte med Egil Svartdahl i kyrkja fredag og laurdag kveld, og under gudstenesta søndag er det stort barneopplegg i underetasjen. Vi utvidar frå ei gudsteneste til ei heil helg og håpar og trur mange vil få med seg dette. Det er berre å setja av helga 16.-18. februar, seier prest i Knarvik kyrkje, Torbjørn Sæle. Han leier komitèen for arrangementet og ser fram til spennande og inspirerande dagar.

– Egil Svartdahl blir rekna som ein av Norges fremste formidlarar. Han er ein meister til å kombinere alvor og humor.

Pinsepastor Svartdahl har ein CV som ikkje mange andre predikantar kan skilte med. Han er utdanna konditor, har arbeid som søppelkjørar, og har hatt ulike stillingar i kyrkjelydar i tillegg til ulike programleiar-oppgåver i TV2. Mest kjent vil han nok vere som TV2-pastor i fleire år.

NY STEIN - OPPUSSING - NAVNETILFØYING
Kontakt oss på forhånd i telefon og gjør avtale

VESTSTEIN - naturstein

5918 FREKHAUG - Mob.: 91 31 34 80

**Knarvik
Blomsterstove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø

Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no

Nordhordland Begravelsesbyrå AS



GRAVFERDSBYRÅ FOR HEILE NORDHORDLAND
Havnevegen 31, 5918 Frekhaug / Idrettsvegen 1, 5936 Manger

Tlf. 56 37 14 10

post@nordh-bb.no · www.nordh-bb.no

**ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN,
PLANLEGGING-BLOMAR-GRAVSTEIN**

Avd. Vaksdal: Ann-Elin M. Gullbrå
Tlf. 56 99 25 70

Kulturkalender

3. desember

ADVENTSKONSERT I ALVERSUND KYRKJE

Sundag kl. 17

Alversund skulemusikk, Alversund Musikklag, Songlaget Alvidt/Manger og Alversund kammerkor syng og spelar. Kollekt ved utgangen.

ADVENTSKONSERT I KNARVIK KYRKJE

Sundag kl. 18

Oster Brass! Tradisjonell julemusikk og andre verk. Inngang 100 kr / skulekorpsmusikantar og born gratis.

9. desember

JULEKONSERT I OSTEREIDET KYRKJE

Laurdag kl 17

Leiknes blåseorkester, Hjelmås mannskor, Tusenfryd, Ostereidet Soul children og Te Deum deltek. Kollekt til Kirkens Bymisjon Bergen. Konsert-kafé.

10. desember

ADVENTSKONSERT I SEIM KYRKJE

Sundag kl. 17

Seim musikklag med fleire har konsert.

JULEKONSERT I MELAND KYRKJE

Sundag kl 17

Skala, Songkoret Vågen, Sagstad Skulekorps, pianoelevar ved kulturskolen m.fl.
Kollekt til Kirkens Nødhjelp.

13. desember

KONSERT I KNARVIK KYRKJE

Onsdag

Konsert med Nordhordland folkehøgskule og Åsane folkehøgskole.

14. desember

JULEKONSERT I KNARVIK KYRKJE

Torsdag kl. 18.30

Knarvik skulekorps. Korps, juniorar og aspirantar tek del.

15. desember

KONSERT I KNARVIK KYRKJE

Fredag

Eikanger-Bjørsvik Musikklag.

16. desember

JULEKONSERT I ALVERSUND KYRKJE

Laurdag kl 19.30

Hanne Vatnøy & musikalske vener. Billettar ved inngangen: kr. 250/ 150.

16. desember

LYSGLIMT I MØRKET I MO KYRKJE

Laurdag kl 18.00

Adventskonsert v/ Triade

17. desember

«SYNG JULA INN» I MELAND KYRKJE

Sundag kl 20.

Felix Vocalis og husband. Kollekt til Kirkens Bymisjon.

JULEKONSERT I KNARVIK KYRKJE

Sundag kl 19.30

Songarane Heidi Lambach og Chris Lund, pianisten Frode Skag Storheim og cellist Johann Sebastian Blum. Vakre, tradisjonsrike julesongar i tillegg til spennande og nytt julerepertoar. Billettar kr 330 på logl.ticketco.no

19. desember

KONSERT I KNARVIK KYRKJE

Tysdag kl. 19

Lindås kulturskule.

23. desember

KONSERT I SEIM KYRKJE

Laurdag kl 22

Seim Songkor.

«KVELDEN FØR KVELDEN» I KNARVIK KYRKJE

Laurdag kl 22

Kjersti Wiik m.fl. Bill. i døra eller post@kjerstiwik.no

14. januar

NYTTÅRSKONSERT I SEIM KYRKJE

Sundag kl 18

Kor tilslutta Norges Korforbund Hordaland deltar. Kollekt; overskot går til Kirkens Bymisjon

21. januar

«HÅTTA DU SONGJEN» I OSTEREIDET KYRKJE

Sundag kl 17

Gjest denne gongen er Sveinung Hølmebakk frå Nordic Tenors. Te Deum vert med.

Dette er eit samarbeid mellom bedehusa i soknet og soknerådet. Billettpris kr 200,-/ fam. kr 600,-

10. februar

KONSERT MED ORKESTERET FOSSEGRIMEN I KNARVIK KYRKJE.

Laurdag kl 17.00

Solistar: Karolina Chmielewska (obo) og Sondre Fjose Sandberg (fiolin). Dirigent: Dagfinn Rohde. Billettar: kr. 200,- ved inngangen.



Oppskrift

Berit Skår bur på Romaheim. Ho er gift og har tre barn og to barnebarn, og arbeider til dagleg på Modalstunet.

Når Berit får spørsmål frå kyrkjegløtten om å dele ei oppskrift med lesarane, er ho ikkje vanskeleg å be. Ho har nemleg akkurat prøvd ei ny oppskrift på saftige og smakfulle blåbærmuffins. Resultatet var så velsmakande at ho ønsker å dele denne oppskrifta. Blåbærmuffins gjev ein smak av sommar, og du kan bruke både friske og frosne bær i denne oppskrifta.

Blåbærmuffins



Ingredienser

200 g smør, romtemperert
2 dl sukker
4 egg, romtempererte
5 dl hvetemel
2 ts bakepulver
1 ts vaniljesukker
2 dl kefir eller annen syrnet melk
200 g blåbær

Oppskriften gir ca. 12-14 muffins.

Slik gjør du

Pisk smør og sukker hvitt i en kjøkkenmaskin. Pisk inn ett og ett egg.

Vend inn hvetemel, bakepulver, vaniljesukker og til slutt kefir.

Fordel muffinsrøren i mellomstore muffinsformer. Fyll formene ca halvfulle. Fordel blåbærene på muffinsene og press dem litt ned.

Stek muffinsene på 180 grader i 15-20 minutter til de er gyldne. Avkjøl muffinsene og dryss over melis like før servering.

Glimt frå husgruppene i Meland Kyrkjelyd

Av: Stine Karin Sæle

VISSTE DU AT...

- Ei husgruppe er ein plass for samtale, undring, diskusjon, bibellesing, bøn og lovsong?
- Ei husgruppe er ein plass for tru og tvil der du kan koma som du er?
- Meir enn ti grupper samlast med jamne mellomrom i folk sine heimar?
- Husgruppene våre har plass til fleire?

Ta kontakt dersom du vil vita meir!
Stine Karin Sæle:
stine.saele@melandkyrkja.no

GRUPPER PÅ TUR



To av gruppene vart til saman ein heil familieleir. 16 vaksne og 18 barn i alderen 4 mnd til 7 år var ei helg samla på leirstaden Wallemtunet. Helga innebar godt felleskap, gode opplevingar saman, nydeleg utflukt på fjellet malt i haustfargar, ei fin familiesamling, sporløp og konkurransar.



Skodde og liten sikt sette ingen dempar for humøret til gruppa som var på fjelltur i Hemsedal. Dei fekk til og med ein liten smak av vinter i løpet av helga.



FELLESSKAPSSAMLING I NORDGARDSLØA

Ein onsdag i september var alle husgruppene inviterte til ein ettermiddag med suppe, prat og musikalske innslag.

Linda Økland Kinsarvik og Tone Rose Bratland delte vakre ord og tonar med dei frammøtte i Nordgardsløa.



Ny i Meland kommune?

Du er hjarteleg velkommen til å bli med på samlingar og aktivitetar i regi av, eller i samarbeid med Meland kyrkjelyd.

Gudsteneste, kvar søndag i Meland kyrkje kl. 11.00.

Treng du skyss?:
Ta kontakt med
kyrkjekontoret 56 17 14 80.

Søndagsskulen Løvegjengen kvar søndag utanom skuleferiane og familiegudstenester. Gruppe for barn under skulealder og skulebarn opp til 7.kl. Kontakt: *Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.*

Norskkurs for innvandra- rar. Gratis norskkurs, små grupper. Kvar onsdag kl. 18.00 – 19.30 på Møteplassen. Skyss for dei som treng.

Internasjonal kafé. Uformell treffplass, nokre gon-

ger med litt program. Kvar onsdag kl. 19.30 – 21.00 på Møteplassen. Kontakt for norskkurs og internasjonal kafé: *Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.*

Open Møteplass. Open treffstad/kafé for dei som er heime på dagtid. Kvar mandag, onsdag og torsdag kl. 11.00–13.30 på Møteplassen. Kontakt: *Marit Sæle, 40 47 35 20.*

Bøn før jobb, kvar tysdag kl. 07.15 – 07.45 på Møteplassen. Kontakt: *Torbjørn Aamli, 56 17 14 84.*

Småbarnstreff med baby- sang, kvar tysdag kl. 11.00 – 13.00 på Møteplassen. Kontakt: *Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.*

Jentekveldar på Møteplassen. Sosial og avslappa kveld for jenter i alle aldrar, med eller utan strikkesø. Tors-

dagar i partalsveker kl. 19.00 – 22.00 på Møteplassen. Kontakt: *Stine Karin Sæle, 476 40 809.*

Octavia - Meland ungdomskantori. Kor for jenter frå 5.klasse til vidaregåande skule. Øver kvar torsdag på Nordgardsløa. Kontakt: *Eirin Åserud-Løvliid, 94 33 67 79.*

Felix Vocalis, kor for vaksne, øver annankvar tysdag kl. 20.00 - 22.00 på Møteplassen. Kontakt: *Jannicke Wisløff Åsebø, 40 22 86 94.*

Husgrupper (bibelgrupper), som møtest i heimar. Sosialt, samtale, måltid, bøn. Kontakt: *Stine Karin Sæle, 47 64 08 09.*

Seniors, treffpunkt med program og middag på dagtid. Første torsdag i månaden på folkehøgskulen. Samarbeid med Frekhaug indremisjon og Norkirken. Kontakt: *Victor Bakke, 99 61 75 83.*

Yngres Frekhaug, aktivitetar, andakt og kiosk. Annankvar fredag på Frekhaug bedehus. For 5.-7.klassingar. Samarbeid med Norkirken og Frekhaug indremisjon. Kontakt: *Ruben Sæle, 56 17 14 88.*

SKrUL, ungdomsklubb for deg som går i 8. klasse og oppover, på Frekhaug bedehus, kvar lørdag kl. 20.00.

Levande Lys, barnekor for deg som har fylt 4 år og oppover. Øver annankvar onsdag kl. 17.30 – 18.30 på Frekhaug bedehus. Kontakt: *Kamilla Strømsbo Dale, 47 30 65 24.*

Strilongane, barnekor for deg som er ca. 4 år og oppover. Øver kvar mandag kl. 17.45 – 18.30 på Rosslund skule. Kontakt: *Inger Bratshaug, 41 68 06 53.*

Yngres Rosslund, aktivitetar, andakt og enkel matservering, Fra 3. klasse og oppover, annakvar fredag kl. 18.00 – 19.30 på Rosslund bedehus, Kontakt: *Miriam Skurtveit, 94 84 69 96.*

Søndagsskuleklubben, aktivitetar og andakt, for barn til og med 2. klasse, annakvar onsdag 18.00 - 18.45 på Rosslund bedehus. Kontakt: *Annlaug Isdal, 99 47 03 09.*

MEIR INFO:
WWW.MELANDKYRKJA.
NO

Nytt frå stab og sokneråd:

KYRKJE/KULTURBYGG PÅ FREKHAUG.

I haust har rådmannen invitert inn til ei arbeidsgruppe for å finne betre tal til eit budsjett og løysingar for sambruk av eit kyrkje- og kulturbygg. I skrivande stund vert saka lagt ut til formannskapet, i midten av desember vert budsjettvedtaket eventuelt gjort. Tomtespørsmålet er ikkje avgjort.

SAMARBEID OM SKRUL
Soknerådet og Frekhaug indremisjon har vorte samde om ein samarbeidsavtale, der diakonen vår Ruben Sæle eller vikaren hans, Stine Karin Sæle brukar noko av arbeidstida på å følgje opp styret for ungdomslaget SKRUL, som held til på Frekhaug bedehus. Norkirken Nordhordland støttar også opp om arbeidet.

VIKARPREST VÅREN 2018
Ordninga med Helge Hitland som vikarprest, medan Torbjørn Aamli er i halvstilling i Osterfjorden sokn held også fram våren 2018.

VEGEN FRAM MOT ALVER KYRKJELEGE FELLESRÅD

Proessen med å slå saman dei tre fellestråda i Radøy, Lindås og Meland er så vidt i gang. Fellesnemnda som skal leie prosessen hadde sitt første møte 28.november. Dei tilsette i fellestråda har vore på informasjonsmøte. Rådsrepresentantane har vore på informasjonsmøte og kurs. Og kyrkjevevjene har rusta seg med kursing, drøftingar og utgreiingar for å førebu prosessen.



Samling for tilsette i fellestråda i Radøy, Lindås og Meland 7.september.
Foto: Torbjørn Sæle

Livets gang

Døpte

Meland kyrkje

Oliver Dale 03.09.2017
Moritz Gripsgård 03.09.2017
Nora Bønes Tveitnes 03.09.2017
Christ Mena Poe Mæstad
07.09.2017
Ulrik Tjelle Sundt 17.09.2017
Erling Dale Wessman 17.09.2017
Ulrik Sævig Askeland 24.09.2017
Sia Sophie Steinhovden
24.09.2017
Louis Alexander Eide 08.10.2017
Adrian Jacobsen 08.10.2017
Eline Nordås Romarheim
08.10.2017
Kaja Haaland Sagstad 08.10.2017
Emil Liene Stenersen 08.10.2017
Halvard Vangdal 08.10.2017
Sofie Målsnes Johansen 15.10.2017
Tobias Hauge Åsebø 22.10.2017

Seim kyrkje

Ida Herfindal-Hjelmås 10.09.2017

Tjøme kirke

Tomine Christensen-Skurtveit
01.10.2017

Vigde

Meland kyrkje

Julie Stormark og Christian Hel-
land 2.09.2017

Gravlagde

Meland kyrkje

Sigmund Frantzen (f. 1939)
30.05.2017
Torbjørn Gaustad (f. 1959)
8.9.2017
Unni Cecilie Tjensvold (f.1947)
8.9.2017
Sveinung Jan Vognstølen (f. 1948)
19.09.2017
Adelia Bekkenes (f. 2017)
21.09.2017
Hjørdis Hestnes (f. 1926)
10.10.2017

I førre nummer av Kontakt
annonserte vi eit feil namn
i lista over gravlagde. Dette
beklager vi.



4-årsbokutdeling

Tekst: Anne Marit Fosse Dahle

Bilete: Arve Kjell Uthaug

Søndag 1. oktober var det 4-årsbokutdeling i Meland kyrkje. Det vart ei herleg "Sprell Levande"-gudsteneste med mykje liv! Meir enn 30 4-åringar fekk bok. Barnekoret Levande Lys var med og song, noko som gjorde gudstenesta endå betre! Her er nokre fine blinkskot frå dagen.



GUDSTENESTE- KALENDER



Foto av Meland kyrkje: Morten Sæle

03.12.2017

20:00 - Lysmesse v/Helge Hitland. Takkoffer til Kirkens Bymisjon

10.12.2017

11:00 - Gudsteneste v/Helge Hitland. Dåp, Nattverd
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

10.12.2017

17:00 - Tradisjonell julekonsert

17.12.2017

11:00 - Gudsteneste v/ Torbjørn Aamli. Dåp, Nattverd.
Octavia. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

17.12.2017

20:00 - Julekonsert m/Felix Vocalis

24.12.2017

13:00 - Julaftagudsteneste v/Torbjørn Aamli.
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

14:30 - Julaftagudsteneste v/Helge Hitland Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

16:00

Julaftagudsteneste v/Helge Hitland
Takkoffer til Normisjon

25.12.2017

12:00 - Gudsteneste v/Geir Sørebo. Nattverd
Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap

01.01.2018

12:00 - Gudsteneste v/Torbjørn Aamli. Dåp, Nattverd
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

07.01.2018

11:00 - Gudsteneste v/Torbjørn Aamli.
Konfirmantpresentasjon

14.01.2018

11:00 - Gudsteneste v/Helge Hitland. Dåp, Nattverd

21.01.2018

11:00 - Gudsteneste v/Helge Hitland. Nattverd

28.01.2018

11:00 - Gudsteneste v/Torbjørn Aamli. Dåp, Nattverd.
Søndagsåpent

04.02.2018

11:00 - Gudsteneste v/Helge Hitland. Dåp, Nattverd

11.02.2018

11:00 - Gudsteneste v/Helge Hitland. Dåp, Nattverd

14.02.2018

19:30 - Gudsteneste v/Torbjørn Aamli. Nattverd

18.02.2018 - **Knarvik kyrkje**

11:00 - Felles gudsteneste v/Egil Svartdahl

25.02.2018

11:00 - Gudsteneste v/Torbjørn Aamli. Dåp, Nattverd



«Syng jula inn» med Felix Vocalis

For sjuande året på rad arrangerer koret Felix Vocalis "Syng jula inn" i Meland kyrkje. Her er det låg terskel, høg stemningsfaktor og musikalsk bredde.

På repertoaret står både norske, svenske og engelske tradisjonssongar. I tillegg kan ein glede seg til å høyre nyare juletonar frå koret. Vi er glade for dyktige musikarar i bandet og proff lydmann, Jarle Bastesen, Lars Rune Aadland, Andreas Westermoen, Trond Fykse, Harald Norheim m.fl.

Koret består av omlag 16 songarar frå Frekhaug og andre deler av Nordhordland. Koret var inntil nyleg eit samarbeidsprosjekt mellom Meland Kyrkjelyd og Nordhordland Folkehøgskule. Frå denne hausten blir koret drive vidare av Meland Kyrkjelyd. Øvingane er annankvar tysdag i oddetalsveker, klokka 20.00 til 22.00 på Møteplassen i Frekhaug Senter. Vi nyttar alltid høvet til å ynskje nye medlemmer velkomen, så også her.

"Syng jula inn" er eit av dei store høgdepunkta kvart år. "Vi ynskjer å skape ein kveld der publikum kan senke skuldrene og kjenne på julestemninga", seier dirigent Jannicke Wisløff Åsebø. Ho har dirigert koret sidan oppstarten for sju år sidan "Det vert ei fin blanding av korsong, solistinnslag, og ikkje minst fellessong", fortel Jannicke. I tillegg vert det nokre ord til ettertanke.

Konserten er gratis, men vi tek gjerne i mot ein kollekt ved utgangen. Overskotet går uavkorta til Kirkens Bymisjon.

Velkomen til "Syng jula inn" i Meland kyrkje søndag 17.12 kl. 20.00.

